

Dykkar ref.:

Vår ref.: 2308_171019

Bergen, 19.10.2017

VARSEL OM OPPSTART AV REGULERINGSPLANARBEID

Jamfør plan og bygningslova (pbl) § 12-8 varslast oppstart av reguleringsplanarbeid for Bø, gnr. 24 bnr. 22 m. fl. avgrensa av Nordbøvegen og Radøyvegen. Området utgjør del av gjeldande reguleringsplan ID 1260 1994 0001 00. NORDBØ.

Reguleringsplan:

Ein reguleringsplan består av arealplankart med tilhøyrande reguleringsføresegner og planskildring som angir bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgivnader. Ein reguleringsplan fastset framtidig arealbruk for området og er ved vedtak i kommunestyret bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak.

Tiltakshavar og konsulent:

Radøy Kommune er tiltakshavar medan Forum Arkitekter AS er konsulentar for planarbeidet.

Planen sitt namn er: **Områdeplan Bø skule og barnehage m.fl.**

Planen sin ID er: **1260 2017 0009 00.**

Planområdet:

Planområdet ligg på Hordabø på Radøy og omfattar gnr. 24. bnr. 22, bnr. 66, og bnr. 211, m. fl. Tilkomst til området er i dag frå Nordbøvegen ved Bø skule.

Fylkesveg 409 går langsmed planområdet. I gjeldande reguleringsplan NORDBØ er planområdet sett av til offentlege bygningar; barneskule, barnehage, eldrebustader, friområde og bustader.

Planområdet utgjør: **ca. 35,7 da.**

Planen sitt føremål:

Planen sitt føremål er å leggje til rette for ny barnehage på gnr./bnr. 24/22, 24/211 og 24/66. Endelig regulering vil opne for at fleire bygningar innanfor planområdet kan rivast. Fokus for planarbeidet vil vere å ta vare på barn og unge sine behov for eit trygt og stimulerande oppvekstmiljø. Endelige føremål og utnytting vil bli avklart i planprosessen.

Merknader til varsel om oppstart:

Vi inviterer til samarbeid og medverknad i den komande planprosessen. Innspel eller merknader som gjeld løysingar i planen eller som gjeld særlege behov kan sendast skriftleg til Forum Arkitekter AS, Damsgårdsveien 16, 5058 Bergen, eller e-post:

info@forumarkitekter.no

Meir informasjon kan du få ved å kontakta Forum Arkitekter AS på tlf. 55 16 59 00

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av merknader til Radøy kommune. Alle mottekne dokument, merknader og andre innspel vil bli sendt til Radøy kommune saman med planforslaget.

Merknadsfrist:

Frist for merknader er sett til 24.11.2017.

Vidare saksgang:

Etter merknadsfristen vil forslag til reguleringsplan bli utarbeid, og etter det sendt til Radøy kommune for sakshandsaming. Etter første gongs sakshandsaming vert planen sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i seks veker. Det vil då verte mogleg å kome med merknader til planforslaget før vidare politisk handsaming.

Med venleg helsing for
FORUM ARKITEKTER AS



Thor Schønning
Sivil arkitekt MNAL

Vedlegg: Planavgrensing vist på kart og flyfoto